



Sju av dei åtte unge sommarvikarane. Frå venstre står Jørgen Moberg (16), Simen Raudstein (17), Elisabeth Steinsvik (17), Jannike Myklebust (17), Lisbeth Stensletten (19), Bjørnar S. Eik (19) og Robert Onarheim (19). Karoline Neset (16) hadde fri då biletet vart teke. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Dei er arbeidssomme og sjølvgåande, er attesten dagleg leiari på SPAR Bente Nilsen gjev dei åtte sommarvikarane sine. Dei har ein snittalder på 17,6 år og leinga verkar godt nøgd.

Vikarteamet til Uskedalsbutikken er frå 16 til 19 år og sikrar at alle dei fast tilsette (sju på full tid og to på deltid) får den ferien dei har krav på.

Teamet har ikkje tidlegare vore så stort som i år, i fjor var det til dømes sju. Størrelsen har samanheng med at dei to deltidsstilsette har takka for seg. Fem av dei åtte har vore sommarvikarar før på SPAR.

- Men det er sjølvsagt eit behov for opplæring, Bente...

- Vi er heilt avhengige av sommarhjelp som fungerer og starta med opplæring allereie tidleg i mai. I SPAR-kjeden har vi fleire opplæringsprogram som vi har køyrd dei unge gjennom – med svært godt resultat.

Det er jo utroleg mykje som dei skal innom, det gjeld ikkje berre varer men også til dømes tipping, post og rikstoto. For ikkje å snakke om kassa – den er det to nittenåringar som har vorte "spesialdrilla" på.

- Og kva skjer hvis LO sin sommarpatrulje slår til også i Uskedalen?

- Då er dei hjarteleg velkommen. Sommarpatruljen er innom her kvart år og har ikkje så langt hatt nokon merknad. For vi har vårt på det tørre. Til dømes får alle ungdommane arbeidskontraktar og tarifførn, forsikrar Bente Nilsen.

Av Ola Matti Mathisen

